

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

Marthe Hammer la fram oversending.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2016-2019 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Oversending frå Marthe Hammer (SV).

1. Som innstillinga
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber om at SVV legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrka kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidstrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet for arbeidsreisande som vert prisa ut
6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er.

7. Sanntidsoversikt over køar med beregningar for forsinkelsar av kollektivtilbodet – app og internett.